



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

Vår dato: 16 JAN. 2012
Vår ref.: NVE 201104860-3 ki/saas
Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22 95 95 44

Småkraft AS - planendring Berge og Bjåstad kraftverk, Sogndal kommune, Sogn og Fjordane – avgrensa høyring

NVE har motteke ein planendringssøknad frå Småkraft AS, datert 22.12.2011, om Berge og Bjåstad kraftverk i Sogndal kommune.

Småkraft AS fekk konsesjon på Berge og Bjåstad kraftverk 29.06.2009. Det vert no søkt om ei endring av dette prosjektet. Søkjar vil endre tiltaket frå å vere eitt kraftverk som gjer nytte av to elvar til å vere to separate kraftverk, Berge kraftverk og Bjåstad kraftverk. Inntaket i Bjåstadelva vert flytta frå kote 395 til kote 520, og inntaket i Bergselva frå kote 395 til kote 430. Det vil verte separat vassveg for kvar elv og to kraftstasjonar. Den samla slukeevna til dei to kraftverka vert redusert frå 3,22 m³/s til 2,79 m³/s. Samla installert effekt for dei to kraftverka vil auke frå 10,4 MW, som er det konsesjonsgitte, til 11,0 MW. Berekna årleg produksjon vil auke frå 36,5 GWh til 38,8 GWh.

Bakgrunnen for denne endringssøknaden er vanskar med å etablere inntak på same kotehøgde i dei to elvane, mellom anna på grunn av rasfare.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Trygve Matthiessen (Småkraft AS) på tlf. 41 85 00 61 eller e-post: Trygve.Matthiessen@smaakraft.no eller Silje Aakre Solheim (NVE) på tlf. 22 95 95 44 eller e-post saas@nve.no. Vidare syner vi til vedtak og vassdragskonsesjon for det opphavlege prosjektet, som også er å finne på www.nve.no/konsesjonssaker.

Dette brevet er sendt til alle som uttala seg til den opphavlege konsesjonssøknaden. NVE ønskjer no tilbakemelding på planendringssøknaden i forhold til det opphavlege prosjektet som har fått konsesjon.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **09.03.2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

for *Børre Olsen*
Øystein Grundt
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
Silje Aakre Solheim
avdelingsingeniør

Adresseliste:

Sogndal kommune, Postboks 153, 6851 SOGNDAL

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkeshuset, 6863 LEIKANGER

Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Trolladalen 3 G, 6856 SOGNDAL

Norges Naturvernforbund, Grensen 9 B, 0159 OSLO

Norges Jeger og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane, Rygg, 6823 SANDANE

Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE

Den Norske Turistforening, Youngstorget, 0181 OSLO

Fjærland Bondelag v/Hege Våtevik, 6848 FJÆRLAND

Bygdeutvalet i Fjærland v/Claus Kvamme, 6848 FJÆRLAND

Fjærland Reiselivslag, 6848 FJÆRLAND

Sognefjord Reiseliv BA, 6899 BALESTRAND

Senterpartiet i Sogn og Fjordane, Postboks 154, 6821 SANDANE

Eline Orheim, 6848 FJÆRLAND

Inge Rauboti, 6848 FJÆRLAND

Fallrettshavarar v/Arnold Berge, 6848 FJÆRLAND

Kopi:

Småkraft AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN